

Rep.sak: 08-21. Fastsetting av styrehonorar.

Tilråding til vedtak:

Representantskapet fastsetter slike styrehonorar for 2021:

Leiar i styret skal ha møte og leiar godtgjersle på til saman 5 % av ordførar i Ørsta sin godtgjersle.

Medlem av styret skal ha møtgodtgjersle på 3 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle.

Varamedlem til styret får ei godtgjersle på kr 500,- pr møte.

Ved fråvær på 25 % eller meir, vert godtgjersla for faste medlemmar redusert tilsvarande.

Godtgjerslene skal utbetalast i desember kvar år.

Saksutgreiing

Vedtak om godtgjersle skal representantskapet gjere med heimel i § 7.7 i selskapsavtalen. Forvaltningsrevisjonen i 2019, bad oss gjere årleg vedtak.


Representantskapet handsama dette sist i 2004, og kopla honorara den gangen opp mot ordførar i Ørsta sin løn. Dermed oppnådde ein ei indeksregulering år for år etter som løna til ordførar endra seg. Dagleg leiar sitt framlegg til styregodtgjersle, er ordrett vedtaket i 2004.

Etter 2004 har styrehonorar ikkje vore formelt tema, før kommunestyra gjorde vedtak om å diskutere kva nivå honorara skal ligge på, på bakgrunn av forslag frå Vest kontroll og Forvaltningsrevisjonen av oss i september 2019. Så langt har kommunestyra likevel ikkje tatt denne diskusjonen om nivå på honorar.

Vi tolkar det slik, at kommunestyra i røynda synes at representantskapet skal fastsette dette i tråd med oppdraget i vedtektene. Og at det skal gjerast årleg.

Eg har lagt ved ei oversikt over utbetaling og møtedeltaking i 2020, slik at de ser kor mange møter det er tale om i løpet av eit år.

Styreleiar har i tillegg møteplikt i representantskapet og ei rekkje møter som kjem i tillegg til dei formelle møta. Grovt sagt tre gangar fleire møter enn medlemane som møter i styremøta. Dette er møter med kommunane/ ordførarane/ evnt folkemøter. Så kjem møter med dagleg leiar i forkant av møter i styret, og årleg medarbeidarsamtale.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg:

Oversyn møtgodtgjersle og møtedeltaking 2020.

Møtegodtgjersle 2020

Grunnlag 2020

1 140 000

Sum gml og nytt styre

Deltaking

2020 Kr

Gml styre. Pr deltakar

Anne Ellingsen	5 %	0,71	40 470	4 635	45 105
Hallvard Bjørneset	3 %	0,71	24 282		24 282
Jon Helge Bjørndal	3 %	0,71	24 282	16 001	40 283
Henriette Hafsaas	3 %	0,57	19 494		19 494
Ove Myklebust	3 %	0,71	24 282	9 600	33 882
Ann Britt Våge Fannemel				9 600	9 600
Helge Standal				9 600	9 600
Sum					182 246

Møtedatoar og kven som er tilstade på møtet

Styre	4. februar	24. mar.	09.jun	02.jul	25.aug	29.sep	24.nov
Anne Ellingsen		x	x	x	x	x	x
Hallvard Bjørneset			x	x	x	x	x
Jon Helge Bjørndal	x	x	x	x	x	x	x
Henriette Hafsaas			x		x	x	x
Ove Myklebust	x	x	x	x	x	x	x
Ann Britt Våge Fannemel	x	x					
Helge Standal	x	x					
Jan Henning Egset-møterett			x	x	x	x	x

Vara

Sissel Øyen Hareide							
Gina Bjørdal							
Kjell Tore Aarstad							
Bjørnar Hovland							